

**Notat**

Dato: 08.02.2017  
Arkivsak: 2016/34315-6  
Saksbehandlar: pernord1

---

<b>Til:</b>	Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

**Melding om oppretting av Regionsenterring og Forum for regionsenterkommunar****Bakgrunn**

Fylkestinget vedtok i desember 2016 Regional Planstrategi 2016 –2020. Fylkestinget har under målet «Eit inkluderande samfunn» definert «Utvikle meir attraktive og funksjonelle regionale senter» som eit strategisk satsingsområde for Hordaland fylkeskommune.

Som bakgrunn for fylkesrådmannen si satsing er og «Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel (Senterplanen)» eit sentral styringsdokument. Den vart vedteken av fylkestinget 10. desember 2014. Planen definerer regionale senter i 10 kommunar, og gjev retningslinjer for utviklinga av sentera. Hovudmålet i planen er: «Hordaland skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal tilretteleggja for vekst i heile fylket.» Planen er heimla i plan- og bygningslova (pbl § 8-2) og er førande for planlegging og prioritering både for stat, fylke og kommune.

Fylkesrådmannen har parallelt med framarbeidinga av Regional Planstrategi, og utarbeid ein eigen Verksemdstrategi for Hordaland fylkeskommune for perioden 2016–2020. Dette ut frå ei tenking om at skal vi som fylkeskommune kunne ta ein sterkare posisjon i utviklinga av Hordaland og regionen vår, må sektorane og einingane i fylkeskommunen utviklast i felles retning, der vi óg må prioritere tydelegare mellom ulike oppgåver og tiltak. Det framgår tydeleg i Verksemdstrategien ei heilskapleg spissing og samordning knytt til fylkeskommunale oppgåver, verkemidlar og tenester for å fremme ei samla styrking av dei definerte regionsentera.

Utvikling av regionsenter er kommunane sitt ansvar, men Hordaland fylkeskommune har ansvar for regional utvikling, ulike tenestetilbod, forvaltaroppgåver og finansieringsordningar som har verknad for utviklinga av regionsentera. For å samordna fylket sine aktivitetar og prioriteringar i samsvar med måla i Senterplanen er det oppretta ein intern Regionsenterring. Denne vart etablert januar 2017 og har starta sitt arbeid.

Etter ønskje frå regionsenterkommunane, slik dette kom fram i møte med alle regionsenterkommunane 27. januar 2016, tek Hordaland fylkeskommune initiativ til etablering av eit Forum for regionsenterkommunar. Forumet skal vera ein arena for kunnskapsformidling, erfaringsdeling, samordning og inspirasjon med tanke på utvikling av attraktive regionsenter. Dei ti regionsenterkommunane, fylkesmannen i Hordaland og

Statens vegvesen er i januar 2017 invitert til å delta i forumet. Halvparten har så langt meldt at dei deltek, og det er forventa at alle vil delta.

Opprettinga av Regionsenterring og Forum for regionsenterkommunar er vurdert som viktige og tenelege verkemiddel som vil medverka til at ein kan nå måla i Senterplanen.

Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel (Senterplanen) definerer 9 regionsenter i fylket, og 3 bydelssenter i Bergen kommune med regionale funksjonar. Planen skal leggjast til grunn for regionale organ si verksemd, og for kommunal og statleg verksemd i regionen (pbl § 8-2).

Hordaland fylkeskommune inviterte regionsenterkommunane til samling 27. januar 2016. Fokus var den regionale planen, og korleis nå måla i planen. Eit tydeleg ønske frå regionsenterkommunane var etablering av eit forum for kunnskapsdeling og støtte i arbeidet med å utvikla regionsentera.

Toppleiargruppa i Hordaland fylkeskommune gjorde 29.08.2016 vedtak om følgjande:

Hordaland fylkeskommune skal framstå heilskapleg, samla og kraftfull i sin innsats retta mot regionsentera. Dette skal gjerast gjennom å etablere følgjande:

- Oppretta ein intern Regionsenterring
- Oppretta eit Forum for regionsenterkommunar
- Oppretta eit sekretariat felles for begge desse organa.

Ansvar for etablering av sekretariatet og dei to organa vart lagt til regionalavdelinga, planseksjonen.

### **Etablering av den interne Regionsenterringen**

Er gjort med mål om å samordna og representere Hordaland fylkeskommune sine ressursar og interesser relatert til regionsenter.

Ein skal sjå samla på relevante regionale planar; Senterplanen, Regional kulturplan for Hordaland, Klimaplanen for Hordaland, Regional næringsplan, Regional transportplan, Skulebruksplanen, Tannstrukturplanen, verksemdsplan for Hordaland fylkeskommune, m.fl.

Regionsenterringen skal ha ein representant frå dei einingane som har oppgåver, verkemidlar og tenester inn mot regionsentera.

Det er frå fylkesrådmanne gjeve regionsenterringen eit konkret pilotprosjekt for 2017:

- Kvantifisera Hordaland fylkeskommune sin innsats i eitt regionsenter: Straume i Fjell kommune.
- Koordinera verkemiddelbruken, aktuelle planar og tiltak i regionsenteret Straume.

Det er etablert eit sekretariatet som organiserer og førebur møta i Regionsenterringen, og i Forum for regionsenterkommunar i samarbeid med arbeidsutvalet. Plansjefen har ansvar for sekretariatet.

Regionsenterringen har sitt neste møte 9. mars på Straume. Hovudtema er pilotprosjektet 2017:

«Fylkeskommunen sin innsats retta mot regionsenteret Straume». Fjell kommune er invitert til møtet.

Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse vil gjera ei kartlegging og utarbeida ei oversikt over innsats/tiltak til dette møtet.

### **Forum for regionsenterkommunar**

Bakgrunnen for etablering er å leggja til rette for kunnskaps- og erfaringsdeling, koordinera og samordna bruk av verkemiddel og ressursar knytt til regionsenter. Dette ut frå ovannemnte planar, men og i tett dialog med kommunane og lokale føringar i kommunale planar.

Samansetjing av Forum for regionsenterkommunar: Representantar for kvar av regionsenterkommunane: Askøy, Bergen, Fjell, Kvam, Kvinnherad, Lindås, Odda, Os, Stord, Voss.

- Hordaland fylkeskommune v/ Regionsenterringen

- Statens vegvesen
- Fylkesmannen i Hordaland

Det er skissert eitt årleg møte i Forum for regionsenterkommunar med politisk deltaking frå kommunane og deltaking på leiarnivå, og eit eller fleire møte/ arrangement som i hovudsak er retta mot administrativt nivå.

Forumet er under etablering. Invitasjon til alle dei 10 regionsenterkommunane, fylkesmannen og Statens vegvesen vart sendt ut 17. januar.

Desse har så langt meldt tilbake at dei ønskjer å delta i forumet og har meldt kontaktpersonar:

- ✓ Stord
- ✓ Os
- ✓ Kvam
- ✓ Fjell
- ✓ Kvinnherad
- ✓ Fylkesmannen i Hordaland

Det vil verta etterspurt ei tilbakemelding frå alle kommunane, og det er forventa at alle vil delta.

Oppstartsmøte for Forum for regionsenterkommunar vert truleg i april/mai 2017. Det vert då invitert til eit møte med deltaking på leiarnivå, men og med aktuelle fag-representantar.

**Studietur for regionsenterkommunane** i regi av Forum for regionsenterkommunar vert arrangert 28. - 29. mars. Tema er sentrumsutvikling, der det vert særleg fokus på løysingar som legg vekt på folkehelse og tilgjenge for alle. Studieturen går til Kristiansand, der Kristiansand kommune er vertskap og har det faglege programmet som vert både orienteringar og synfaringar.

Invitasjon er sendt til regionsenterkommunane, og alle dei 10 kommunane har meldt tilbake at dei deltek med to eller fleire deltakarar. Studieturen vert finansiert med prosjektmidlar frå KS retta mot folkehelse.

Verksemdsstrategien for Hordaland fylkeskommune, Senterplanen med handlingsprogram, ønskje og initiativ frå Forum for regionsenterkommunar vert lagt til grunn for det vidare arbeidet. Konkretisering, prioritering og gjennomføring vert gjort av arbeidsutvalet for Forum regionsenterkommunar, i samarbeid med Regionsenterringen.